



Fitjar, 15.5.2015

DET KONGELIGE KULTURDEPARTEMENT

Oslo

Uttale om prestebustaden i Fitjar

I samband med at buplikta for prestane er oppheva, vil Fitjar sokneråd komma med slik uttale om prestebustaden i Fitjar:

1. Prestebustaden sin kyrkje- og kulturhistoriske verdi

Fitjar vart etablert som eigen kommune i 1860. Like etter vart det og oppretta eige prestegjeld og sokn i Fitjar. Prestegarden vart kjøpt av Opplysningvesenets fond i 1863. Prestebustaden vart bygd i 1864/65, på om lag same tid som det vart bygd ny kyrkje i Fitjar. Heile prestegarden er framleis i Opplysningsvesenets fond si eige. Driftsbygningane og paktarbustaden er rivne, medan prestebustaden framleis er bustad for soknepresten, slik det har vore heilt sidan huset var nytt i 1865.

Slik prestebustaden ligg til i bygda, på ein profilert tomt nær kyrkja, og med den historia huset har, meiner soknerådet at kyrkja og prestebustaden er knytt så tett til ein annan at huset framleis bør sikrast som bustad for soknepresten i Fitjar. Huset sitt eksteriør er teke godt vare på, sjølv om det er gjort mindre endringar gjennom åra. Innvendig har huset vore gjennom fleire renoveringar. Ved siste store renovering, for om lag åtte år sidan, vart det lagt særleg vekt på å setja huset i stand på ein historisk korrekt måte.

2. Prestebustaden er god å ha i samband med rekruttering av prestar

Til no har det ikkje vore vanskar med å rekruttera prestar til Fitjar. Korleis dette vert i framtida veit me ikkje noko om. Uansett vil soknerådet sjå det som ein stor føremon at det er eit tenleg hus som står klart til å ta i mot ein prestefamilie som skal flytta til Fitjar. I Fitjar er det ikkje noko stor marknad for bustader, og ein prest vil nok føretrekkja å bu i sentrum, nær kyrkja. Slik prestebustaden og tomta rundt huset framstår i dag, vil det vera ein god bustad for ein moderne familie.

Utfrå det som her er teke opp, vil Fitjar sokneråd sterkt rå til at prestebustaden i Fitjar framleis vert i offentleg eige, der anten Opplysningsvesenets fond eller ein annan kyrkjeleg- eller offentleg innstans står som eigar.

Med helsing

Harald Rydland, kyrkjeverje